



Saksbehandlar: Einar Ulla/Roald Breistein
Sak nr.: 18/2552-1

Forvaltningsrevisjon av innkjøp - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tiltaka i rapporten slik:
 - a. oppdatere strategi og rutinar, slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk
 - b. syte for at rutinar og retningslinjer er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
 - c. sikre tydelegare krav til kompetanse og tilby føremålstenleg opplæring av bestillarar i fylkeskommunen
 - d. gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov
 - e. innføre meir treffsikre rutinar for å avdekke brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtalar
 - f. innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutinane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd
 - g. gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekkja i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt inn ulovleg frå desse leverandørane
 - h. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med organiseringa av ny region
 - i. sikre tydelegare krav til bestillarrolla i den nye regionen
3. Tiltaka a - g bør gjennomførast i løpet av 2018. Tiltaka h og i vert å gjennomføre i samband med organiseringa av ny region.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde tilbake til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2018

Vedlegg:

- Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp i Sogn og Fjordane fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkestinget vedtok 18. oktober 2016 i sak 43/16 å be kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vart lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurransesutsetting og kontrollaktiviteter ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov- og regelverk. Forvaltningsrevisjon av innkjøp var også eit prosjekt i Plan for forvaltningsrevisjon som fylkestinget vedtok same dag i sak 41/16.

Bestilling av prosjektet handsama kontrollutvalet 7. februar i fjor, og rapporten vart motteken 27. november same år.

Revisor skriv i rapporten at arbeidet med innkjøp i Sogn og Fjordane fylkeskommune på fleire område, etter revisor si vurdering, ikkje er tilfredsstillande. Det er utfordringar knytt til både prosessar og rutinar, og til regeletterleiving i innkjøpsarbeidet.

Det er avdekk fleire avvik i høve til revisjonskriteriane som er nytta i prosjektet, der det kan nemnast at i 46 % av dei 26 innkjøpa som revisjonen gjekk igjennom var enten dokumentasjon eller konkurranseekspesialisering ikkje i samsvar med regelverket.

I tillegg vurderer revisor at det er avvik når det gjeld kompetanse, tilgjengelegheit av rutinar og retningslinjer.

Revisor har utarbeidd ei tilråding med sju tiltak etter vurdering av funn i undersøkingane opp mot revisjonskriteria.

Fylkesrådmannen har kommentert revisor sine vurderingar og tiltak i høyringsuttalen som er vedlagt rapporten som vedlegg nr. 2.

Kontrollsjefen har lagt fram ei tilråding i fire punkt basert på vurderingane og forslag til tiltak frå revisor og høyringsuttalen til fylkesrådmannen.

2. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 18. oktober 2016 plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 i FT-sak 41/2016. «Innkjøp» er tredje prosjekt i planen.

Forvaltningsrevisjon av innkjøp vart bestilt etter handsaming i kontrollutvalet 7. februar i sak 4/17. Prosjektplanen handsama kontrollutvalet 28. mars i KU-sak 12/17. Utvalet vedtok å få gjennomført forvaltningsrevisjonen utan spørjeundersøking då revisor meinte at vi ville få svar på føremålet med- og problemstillingane i prosjektet utan å nytte seg av spørjeundersøking.

Prosjektet skulle etter planen ferdigstillast innan 8. september, slik kontrollutvalet ba om i bestillinga.

Det har vorte forseinkingar i prosjektet på grunn av at fylkeskommunen brukte meir tid enn revisor hadde føresett med å sende dokumentasjon på system/rutinar og rekneskapsdata. Det vart også ein del forseinking på grunn av intervjuverifikasiing. Kontrollutvalet har vore orientert om status i framdrifta gjennom heile prosjektperioden.

Rapporten vart levert 27. november.

3. Vurderingar og konsekvensar

Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om organisering, rutinar, kompetanse og strategi for innkjøp i fylkeskommunen er føremålstøylegt, kartleggje kva rutinar og system for kontrollhandlingar som innkjøpstenesta nyttar, og undersøke om desse er i samsvar med regelverk og politiske føringer i fylkeskommunen. Vidare har det vore eit føremål å kontrollere regeletterleiving ved hjelp av stikkprøvegjennomgang av innkjøp, samt undersøke innkjøp opp mot eksisterande innkjøpsavtalar.

Med bakgrunn i føremålet og bestillinga frå kontrollutvalet har revisor utarbeidd og undersøkt følgjande problemstillingar:

- 1. I kva grad har fylkeskommunen ein føremålstøylegt innkjøpsstrategi?**
- 2. Er organiseringa av innkjøp i fylkeskommunen føremålstøylegt?**

- a) I kva grad er det etablert ein føremålstenleg fullmaksstruktur?
- b) I kva grad har tilsette som er involvert i innkjøp naudsynt kompetanse, og i kva grad er det etablert rutinar for opplæring som sikrar dette?
- c) I kva grad vert det vurdert å hente inn ekstern kompetanse i samband med enkeltinnkjøp, dersom ein ikkje har tilstrekkeleg kompetanse eller kapasitet internt i fylkeskommunen?

3. Er fylkeskommunen sine system og rutinar for innkjøp føremålstenlege for å sikre at innkjøp skjer i samsvar med gjeldande regelverk?

- a) Er det utarbeidd tilstrekkeleg med rutinar og retningslinjer for å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket?
- b) I kva grad vert rutinane oppdatert og gjort kjent for dei som har ansvar for innkjøp?
- c) I kva grad har fylkeskommunen innkjøpsavtalar der dette er føremålstenleg?
- d) Er det etablert tenlege IT-verktøy på innkjøpsområde, og i kva grad vert dei nytta (slik som til dømes e-handel)?

4. I kva grad vert reglane for offentlege anskaffingar følgt i fylkeskommunen sine innkjøp?

- a) I kva grad vert innkjøp konkurranseeksponert og dokumentert i samsvar med regelverket?
- b) I kva grad er konkurransar gjennomført i samsvar med regelverket?

5. Kva kontrollaktivitetar vert gjennomført for å sikre at fylkeskommunen sine innkjøp vert gjort i samsvar med regelverket?

- a) I kva grad er det etablert interne kontrollar for å avdekke brot på regelverk for offentlege innkjøp og for å sikre at innkjøpa skjer i tråd med krav om konkurranse?

6. I kva grad har fylkeskommunen etablert føremålstenlege rutinar for oppfølging av kontraktar?

- a) Kva system og rutinar er etablert for å følgje opp inngåtte kontraktar?
- b) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at innkjøp vert gjort i samsvar med inngåtte kontraktar/avtalar i fylkeskommunen (lojalitet)?
- c) I kva grad vert leverandørar følgt opp med omsyn til leveranse, krav til arbeidstid, pris og andre parameter som er relevante i høve til den enkelte kontrakt?

7. I kva grad følgjer fylkeskommunen regelverket som skal bidra til å forhindre sosial dumping i samband med anbodsutlysing, kontraktsinngåing og oppfølging av kontraktar?

Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvalningsrevisjon (RSK 001), der revisor har nytta dokumentanalyse, intervju i tillegg til ein stikkprøvegjennomgang av eit strategisk utval utbetalingar knytt til innkjøp basert på følgjande utvalskriterium:

- Varekjøp og tenestekjøp innan ulike kontoartar
- Innkjøp av varierande verdi
- Enkeltkjøp og samla utbetalingar
- Investerings- og driftsinnkjøp

Alle innkjøpa som vart gjennomgått er omfatta av sentrale reglar i innkjøpsregelverket. Det er undersøkt innkjøp under og over grensene for nasjonal og europeisk utlysing innanfor ulike innkjøpsområde. Utvalet av kva konkrete innkjøp ein skulle gjennomgå var basert på ei tilfeldig trekking innanfor dei kriteria som var sett opp. Samla sett inneber dette at utvalet representerer større innkjøp enn snittet, og samstundes at det gav moglegheit til å undersøke fleire ulike typar innkjøp opp mot dei sentrale revisjonskriteria for prosjektet.

Revisjonskriterium

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvalningsrevisjonsobjektet vert vurdert opp mot. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak utleia frå *lov om offentlige anskaffelser* (anskaffingslova, LOA) med tilhøyrande forskrifter, og særleg *forskrift for offentlige*

anskaffelser (anskaffingsforskrifta, FOA).

Revisor sine vurderingar og tilrådingar

Innkjøpsstrategi

Revisor vurderer fylkeskommunen sin innkjøpsstrategi til ikkje å vere oppdatert i samsvar med nytt regelverk, noko som kan auke risikoen for misforståingar om regelverk og usikkerheit om status for strategien. Strategien manglar også relevante styringssignal for alle einingar som gjer innkjøp. Revisor meiner fylkeskommunen bør sjå til at strategien vert oppdatert i samsvar med gjeldande regelverk slik det er planlagt, og at den gjev relevante retningsliner for alle innkjøpsområde.

Organisering av innkjøp

Revisor peikar på utfordringa med ein fullmachtsstruktur der det er mange bestillarar i fylkeskommunen, noko som kan resultera i ein risiko for ulik innkjøpspraksis. Denne risikoen aukar når fylkeskommunen ikkje har oversikt over alle som er bestillarar. Revisor rår derfor til at fylkeskommunen bør fastsetje ein fullmachtsstruktur etter ei heilskapleg vurdering av kva ansvar, oppgåver og kompetanse som vert lagt til bestillarane.

Undersøkinga viser at innkjøpskompetansen har hatt ei positiv utvikling dei seinare åra. Revisor meiner likevel at det likevel har vore utfordrande å sikre tilstrekkeleg kompetanse i innkjøpsleininga. Det er også utfordrande å nå ut med opplæring til alle innkjøparane når desse er så mange og sit so spreidd og desentralisert i organisasjonen. Avvika som kjem fram i dei kontrollerte anskaffingane (kap. 6 i rapporten), tyder på at kompetansen ikkje alltid er tilstrekkeleg når det kjem til innkjøp som er gjennomførde i avdelingane, skriv revisor i kap. 4.4.2.

Revisor vurderer fylkeskommunen sin bruk av ekstern kompetanse for innkjøp til å vere føremålstenleg. Det er innan bygg- og anlegg det i hovudsak vert nytta ekstern kompetanse.

System og rutinar for innkjøp (kap. 5 i rapporten)

Det er revisor si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommune har overordna rutinar og retningsliner for dei ulike delane av innkjøpsprosessen, men dei er å finne på fleire ulike stader, noko som gjer at revisor vurderer det som unødvendig vanskeleg å finne fram til relevante rutinar, retningsliner og malar ved innkjøp.

Revisor meiner at fylkeskommunen ikkje har eit føremålstenleg system for oppdatering av rutinar då det viser seg at innkjøpsrutinane i innkjøpshandboka og rutinar og retningsliner i høve nye reglar om miljø, menneskerettar og andre samfunnomsyn i lovverket ikkje er oppdaterte. Revisor meiner det er sett av for liten kapasitet til dette arbeidet, noko som aukar risikoen for at rutinar og retningsliner ikkje vert oppdatert.

Revisor meiner Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje i tilstrekkeleg grad har rammeavtalar der dette er føremålstenleg då det manglar rammeavtalar på vare- og tenesteområde med høg omsetning i tillegg til at fylkeskommunen har rammeavtalar med låg omsetning. Det går også fram av rapporten at det finnест avtalar som innkjøpstenesta ikkje har oversikt over. Revisjonen meiner at fylkeskommunen bør samle all informasjon om slike avtalar for å vurdere om det er føremålstenleg å inngå fellesavtalar på tvers av fleire einingar.

Innføring av e-handel vart starta for fire år sidan. Det har vore ein vesentleg auke i handel via dette systemet sidan oppstart. Revisor meiner det er føremålstenleg å få så stor del som mogeleg av innkjøpa over på e-handel. I tillegg vurderer revisor innføringa av konkurransegjennomførings- og kontraktsadministrasjonsverktøy som viktige verktøy for å betre gjennomføring av innkjøpa og sikre god oppfølging av kontraktar.

Regeletterleving i innkjøp (kap. 6 i rapporten)

Revisor har undersøkt i kva grad eit uttrekk på 26 innkjøp for perioden 1. oktober 2015 til 31. desember 2016 vart konkurranseksponert og dokumentert i samsvar med regelverket.
(Tidlegare anskaffelsesregelverk - nytt regelverk gjeld frå 1. januar 2017).

- Fire av anskaffingane er ulovleg direkteanskaffingar
- Seks av anskaffingane er ikkje konkurranseutsett, eller bryt med kravet om konkurranse, og bryt dermed kravet i Lov om offentlige anskaffelser (LOA) §5
- Ni av anskaffingane er ikkje dokumentert, og bryt dermed Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) § 3-1 (7).

I 46% av dei 26 innkjøpa er konkurranseksponering eller dokumentasjon ikkje i samsvar med regelverket. Revisor meiner på bakgrunn av funna i undersøkingane, at Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje i tilstrekkeleg grad konkurranseksponerer og dokumenterer anskaffingane sine.

Av dei 26 innkjøpa vart fire vald ut til kontroll om anskaffingane er gjennomført i samsvar med grunnleggande prinsipp for offentlege anskaffingar, altså gjennomført med konkurranse, forholdsmessigheit, er føreseielege og etterprovbar, og at leverandørane er likebehandla. Dette er handsama i kap. 6.4 i rapporten. Revisor konkluderer med at tre av dei fire anskaffingane ikkje har vore gjennomført i samsvar med regelverket. Ei av anskaffingane skulle vore utlyst i TED, og ikkje berre i DOFFIN, då verdien på kontrakten er over EØS-terskelverdien for vare- og tenestekjøp. I ei anna av desse fire anskaffingane avviste fylkeskommunen eit av tilboda på feil grunnlag. Det vart avvist med grunngjeving om for høg pris. Det finnast ikkje heimel i FOA 11-11 til å avvise tilbod pga. høg pris. I den tredje av dei fire anskaffingane har ikkje fylkeskommunen gjort ei konkret verdiberekning. Dette er ikkje i samsvar med FOA § 2-3 (15). Manglande verdiberekning gjer at anskaffinga er verken føreseieleg eller etterprøvbar, og den slik også bryt med LOA § 5 tredje ledd.

Kontroll av innkjøp (kap. 7 i rapporten)

Som del av sitt internkontrollansvar (jf. kommuneloven § 23, punkt 2), har fylkesrådmannen ansvar for å sikre at fylkeskommunale anskaffingar er underlagt tilstrekkeleg kontroll. Revisor meiner at fylkeskommunen manglar tilstrekkelege interne rutinar for å gjennomgå og avdekke regelbrot i gjennomførde innkjøp. Revisor har ikkje motteke informasjon som viser at tenesteleiariene ser til at innkjøp vert gjort i samsvar med krav om konkurranse, slik det står i ansvarsbreva. Basert på funna frå undersøkingane, meiner revisor at fylkeskommunen ikkje har tilstrekkelege rutinar, verken for å avdekkje brot på regelverk om offentlege innkjøp, eller for å sikre at innkjøp vert gjennomført i samsvar med krav om konkurranse.

Kontraktsoppfølging (kap. 8 i rapporten)

Fylkeskommunen har handbok for avtaleoppfølging, med mellom anna ansvarstilhøve for rammeavtalar og kontraktar for enkeltkjøp. I tillegg er det framlagd sjekklisten knytt til avtale- og kontraktsoppfølging. Verken handboka eller sjekklisten for kontraktsoppfølging vert nytta i særleg grad.

Samferdsleavdelinga har utarbeidd eigne retningsliner for kontraktsoppfølging. I desse går det fram kva hovedfokus skal vere (kontrollere leveransen med omsyn til innhald og tid, følgje opp eigne pliktar overfor leverandøren, og handtere uventa situasjoner).

Bygge- og eigedomssjefen opplyser at kontraktsoppfølginga i bygge- og eigedomstenesta inngår i kvalitetssystemet.

Undersøkingane viser at det varierer mellom dei ulike einingane i kva grad det er etablert system og rutinar for følgje opp inngåtte kontraktar. Fylkeskommunen er ferd med å ta i bruk eit kontraktsadministrasjonsverktøy (KAV) som skal systematisere kontraktsoppfølginga. Revisor meiner dette er eit viktig og nødvendig tiltak for å sikre god kontraktsoppfølging.

I ansvarsbreva til tenesteleiariene går det fram at desse har ansvar for at gjeldande rammeavtalar vert nytta. Innkjøpssjefen opplyser i intervju at fylkeskommunen likevel tidvis bryt med avtalelojaliteten. Brot skjer vanlegvis på grunn av manglande opplæring eller bevisstgjering, er inntrykket til innkjøpssjefen. Innkjøpstenesta skal, i følgje intervju, gjennomføre overordna kontroll for å danne seg eit bilet av kva leverandørar som vert brukt

mykje utan at det føreligg rammeavtale, og for å få innblikk i avtalelojaliteten i fylkeskommunen.

Det er revisor si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at innkjøp vert gjort i samsvar med inngåtte avtalar/kontraktar. Revisjonen meiner at Sogn og Fjordane fylkeskommune i avgrensa grad har etablert tilstrekkeleg med rutinar for å sikre avtalelojalitet.

Dei fire innkjøpa nemnt under **Regeletterleiving i innkjøp** (kap. 6.4 i rapporten) vart også kontrollerte med omsyn til kontraktsoppfølging. Det er revisor si vurdering at kontraktsoppfølginga for to av dei kontrollerte anskaffingane er mangelfulle. Revisor meiner på bakgrunn av dette at fylkeskommunen i varierande grad følgjer opp kontraktane sine og at kontraktsoppfølginga i varierande grad vert dokumentert.

Sosial dumping (kap. 9 i rapporten)

Revisor vurderer at fylkeskommunen har rutinar, malar og retningslinjer for å følgje opp dei fleste krava knytt til sosial dumping. Det er krav i dei nye forskriftene, som gjeld frå 1. januar 2017, om at leverandørar maksimalt kan ha to ledd leverandørkjede under seg når det gjeld bygg- og anleggskontraktar og kontraktar for reinhaldstenester. Dette er ikkje med i retningslinene som er sendt revisor, og bør, i følgje revisor omfattast i retningslinene. I ei av anskaffingane under **Regeletterleiving i innkjøp** (kap. 6.4 i rapporten) er det ikkje dokumentert at fylkeskommunen har følgt opp krav om arbeidstid, slik det er stilt krav om i forskrift om lønns- og arbeidsvilkår § 5. Dette tyder at fylkeskommunen sine rutinar, malar og retningslinjer for å følgje opp krava knytt til sosial dumping ikkje alltid vert følgt i det faktiske innkjøpsarbeidet, noko som aukar risikoen for at leverandørar har høve til å drive med sosial dumping.

Tilråding frå revisor

Revisor har på bakgrunn av dei funn som er gjort i denne forvaltningsrevisjonen kome med tilråding om sju tiltak til fylkeskommunen:

1. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med nytt regelverk
2. syte for at rutinar og retningslinjer er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
3. sikre tydelegare krav til kompetanse, opplæring og rolla til bestillarar i fylkeskommunen
4. gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov
5. innføre meir treffsikre rutinar for å avdekke brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtalar
6. innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutinane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd
7. gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekkja i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt inn ulovleg frå desse leverandørane

Fylkesrådmannen sine kommentarar i høyringsuttalen (vedlegg 1 i rapporten) med revisor sine kommentarar til høyringsuttalen

Fylkesrådmannen skriv innleiingsvis i sine kommentarar at dei føreslegne tiltaka i rapporten gir ein god plan for vidare arbeid med innkjøp i fylkeskommunen. Det er tiltak som er under arbeid, nokre er enkle å gjennomføre mens andre er svært arbeidskrevjande.

Metode

Fylkesrådmannen stiller spørsmål vedr. metode som er brukt og i den samanheng vurdering av vesentlegheit i samanheng med stikkprøvegjennomgangen. Revisor svarar på dette innspelet med å forklare korleis uttrekka av innkjøpa er gjort. Revisor peikar på at ein ikkje, på bakgrunn av funna i undersøkingane, kan konkludere med nøyaktig kor stor del av dei samla innkjøpa som fylkeskommunen gjennomfører som har feil, men at det er grunnlag for å påpeike at feil førekjem i innkjøpsarbeidet.

Organisering

Fylkesrådmannen meiner at rapporten ikkje gjev tilstrekkeleg grunnlag for å kunne gjere ei endeleg vurdering knytt til tiltak som er naudsynte for å sikre kompetanse, då revisor baserer sine konklusjonar på intervju med innkjøpssjef og stikkprøver av innkjøp, og det ikkje er gjennomført revisjon av eit utval einingar for å finne ut korleis dette fungerer i praksis. Revisor meiner, sjølv om ein einingsvis gjennomgang av innkjøpsarbeidet ikkje var ein del av prosjektet, likevel at rapporten gjev grunnlag for å konkludere med at det ikkje er tilstrekkeleg sentralt oversyn av bestillarane sin praksis, og at det er naturleg at fylkeskommunen sjølv arbeider vidare for å skaffe eit slikt oversyn og setje i verk naudsynte tiltak for å sikre ei føremålstenleg organisering og tilstrekkeleg kompetanse i bestillarleddet.

Innkjøpsstrategi

Fylkesrådmannen skriv i høyningsuttalen at det som står i rapporten om at samferdsleavdelinga ikkje er omfatta av noverande innkjøpsstrategi, ikkje stemmer. Dette er revisor samd i, og har retta rapporten på det punkt.

Innkjøpsrutinar

Fylkesrådmannen skriv at sida «Det enkle kjøp» på sfj.no erstattar innkjøpshandboka sin funksjon som rutineskildring etter førre revisjon av innkjøp, og at dette vart gjort slik for at informasjonen skulle vere tilgjengeleg for alle, og at ein ved å opprette denne sida avgrensa tal stader der ein kan finne informasjon om innkjøp. Fylkesrådmannen skriv også at malane som ligg på sida «Det enkle kjøp» ikkje er meint for fylkeskommunen sine tilsette, då malane stort sett omhandlar kjøp over 500 000 kroner. Fylkesrådmannen peikar også på at det er revisor sine vurdering at rutinane er vanskeleg tilgjengelege, då organisasjonen ikkje er spurd om dette. Revisor meiner at rutinar og retningslinjer er tilgjengeleg fleire stader og held fast på vurderinga i kap. 5.3.2.

Merknadar til føreslegne tiltak

Fylkesrådmannen meiner tiltaka i rapporten generelt sett er gode, og er samd i at dei er naudsynte i arbeidet med innkjøp i fylkeskommunen, men meiner at følgjande to av tiltaka bør sjåast på i samband med regionsreforma:

1. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med nytt regelverk
3. sikre tydlegare krav til kompetanse, opplæring og rolla til bestillarar i fylkeskommunen

Dei øvrige tiltaka bør det arbeidast med, men fylkesrådmannen meiner at tiltak nr. 7 kan strykast då dette tiltaket er dekka inn av dei andre tiltaka.

Kontrollsjefen sine vurderingar

Kontrollsjefen meiner at revisor svarer på dei problemstillingane som kontrollutvalet ynskte svar på i prosjektplanen. Rapporten er godt skiven, og revisor har kome med tilråding om 7 tiltak etter å ha vurdert funn opp mot revisjonskriteria.

Kontrollsjefen vurderer fylkesrådmannen sitt innspel om at to av tiltaka i revisor si tilråding bør sjåast på i samband med regionsreforma, kan vere føremålstenleg. Tiltak nr. 1 bør då verte todelt. Ein bør oppdatere strategi og rutinar, slik at dei er i samsvar med nytt regelverk. Dette kravet bør vere føremålstenleg for innkjøpsfunksjonen, og også viktig i samband med regeletterlevning. Det er nok også rett at det vil bli naudsynt å vurdere dette tiltaket i samband med regionsreforma, og at det slik sett kan bli implementert i den samla strategien for den nye regionen.

Tiltak nr. 3 vil nok vere meir retta inn mot regionreforma når det gjeld vurdering av organisering av bestillarrolla, som kan resultere i forslag om rolleendringar og omorganisering. Kontrollsjefen vurderer revisor sitt forslag om å sikre at innkjøparar har rett kompetanse, og at ein får tilbod om opplæring som viktig også i noverande organisasjon.

Kontrollsjefen rår til å halde på tilråding nr. 7.

Revisjonsrapporten vart handsama første gong i møte i kontrollutvalet 13.12.2017 der m.a. dette vart protokollert:

«Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet.»

Saka vert no lagt fram til ny handsaming med tanke på at den skal fram til fylkestinget 17.04.2018.

4. Konklusjon

Deloitte AS har kome med ein god rapport med tilråding beståande av 7 tiltak for betring av innkjøpsfunksjonen i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har kome med ein høyringsuttale der han generelt ser på tiltaka frå revisor som positive, men ber også om at to av tiltaka vert vurdert opp imot arbeidet med ny region. Kontrollsjefen tykkjer tiltaka frå revisor er gode, og vurderer fylkesrådmannen sine innspel som føremålstenlege. Tiltaka frå revisor vert tilrådd følgt, men med noko endring etter innspela frå fylkesrådmannen.